

## Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2019

Fredag 15.02.2019 vart det halde møte i representantskapet i Sunnmøre Regionråd IKS på Scandic Parken hotell i Ålesund kommune

Til stades:

*Frå representantskapet:*

Giske kommune: varaordfører Britt Giske Andersen  
Haram kommune: varaordfører Randi Walderhaug Frisvoll  
Hareid kommune: ordfører Anders Riise  
Norrdal kommune: ordfører Arne Sandnes  
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen  
Sandøy kommune: ordfører Oddvar Myklebust  
Skodje kommune: varaordfører Geir Ove Leite  
Stordal kommune: varaordfører Kjersti Ruset Hjelle  
Sula kommune: varaordfører Svein Værnes  
Sykkylven kommune: ordfører Odd J. Drotninghaug  
Ulstein kommune: ordfører Knut Erik Engh  
Vanylven kommune: ordfører Lena Landsverk Sande  
Vestnes kommune: varaordfører Randi Bergundhaugen  
Volda kommune: varaordfører Sølvi Dimmen  
Ørskog kommune: ordfører Knut Helge Harstad  
Ørsta kommune: ordfører Stein Aam

Forfall:

Herøy kommune: ordfører Arnulf Goksøyr  
Stranda kommune: varaordfører Arild Ringdal  
Sula kommune: ordfører Jim Arve Røssevoll  
Ålesund kommune: varaordfører Tore Johan Øvstebø

I tillegg møtte:

*Frå styret:*

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, ordfører i Stranda kommune  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, ordfører i Ålesund kommune  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, ordfører i Skodje kommune  
Styremedlem Eva Hove, ordfører i Stordal kommune  
Varamedlem Harry Valderhaug, ordfører i Giske kommune  
Varamedlem May-Helen Molvær Grimstad, rådmann i Sykkylven kommune

Rådmenn:

Marianne Stokkerei Aasen, rådmann i Giske kommune  
Ragnhild Velsvik Berge, rådmann i Hareid kommune  
Turid Hanken, rådmann i Haram kommune  
Åse Elin Hole, rådmann i Stranda kommune

Rune Sjugard, rådmann i Volda kommune  
Liv Stette, rådmann i Ålesund kommune  
Astrid Eidsvik, rådmann i Nye Ålesund kommune

*Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes  
Utviklingsrettleiar Torunn Måseide  
Prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram  
Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth

*Andre:*

Adm. dir. Stig Slørdahl i Helse Midt-Norge RHF  
Styreleiar Ingve Theodorsen i Helse Møre og Romsdal HF  
Adm. dir. Espen Remme i Helse Møre og Romsdal HF  
Konst. samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF Lena Bjørge Waage  
Kommunikasjonsdirektør i Helse Møre og Romsdal Trine Kvalheim  
Sjukehuskoordinator på Ålesund sjukehus Bjarte Jensen  
Seksjonsleiar Ambulant seksjon i Helse Møre og Romsdal HF Jo Volle  
Konstituert kliniksjeff for medisin og rehabilitering Jorunn Bøyum  
Leiar DPS Sunnmøre i Helse Møre og Romsdal HF Ståle Hoff  
Prosjektleiar Helseplattformen i Helse Møre og Romsdal HF Anne Lise Sagen Major  
Prosjektleiar opsjonskommunar nordre Sunnmøre Therese Furseth Hoel

**Sak 1/2019: Godkjenning av innkallinga**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Innkallinga vart godkjend.

**Sak 2/2019: Godkjenning av sakliste**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Saklista vart godkjend.

**Sak 3/2019: Val av to personar til å underteikne protokollen**

Ved leiar av representantskapet Dag Vaagen

Lena Landsverk Sande og Stein Aam vart valde til å underteikne protokollen saman med leiaren av representantskapet.

**Sak 4/2019: Presentasjon av Helse Midt-Norge RHF**

Ved adm. dir. Stig Slørdahl i Helse Midt-Norge RHF (HMN)

Slørdahl viste korleis Helse Midt-Norge RHF (HMN) er organisert. Verdiane til HMN er tryggleik, respekt og kvalitet. Ambisjonen i HMN sin Strategi 2030 er å gje ei framifrå helseteneste.

Dei strategiske måla er å skape pasienten si helseteneste, bruke kunnskap og teknologi for ei betre helse, rekruttere, utvikle og behalde kompetent personell og vere gode lagspelarar.

Slørdahl snakka om berekraft og ressursbruk i spesialisthelsetenesta. Ei hovudutfordring er at ein ikkje kan forvente at økonomi og tilgangen på personell vil stige like mykje som auken i behov. Å halde fram som i dag er difor ikkje eit alternativ.

Hovudsatsingar 2019-2022 er digitalisering (Helseplattformen), standardisering, funksjonsfordeling (verksemdsutvikling) og regionale fellestenester.

Slørdahl viste til at ein vil arbeide for å få desentralisert legeutdanning til Ålesund. På den måten kan ein styrke kommunehelsetenesta som utdanningsarena. Han håpa at tilbodet kunne kome i gang i løpet av 3 år.

**Sak 5/2019: Utvikling og utfordringar i Helse Møre og Romsdal HF**

Ved adm. dir. Espen Remme i Helse Møre og Romsdal HF (HMR)

Remme viste til at å skape pasienten si helseteneste betyr at helsetenesta må endre seg når det gjeld kultur, haldningar, organisering og leiing. Helse Møre og Romsdal har over mange år brukt meir pengar enn inntektene gir grunnlag for. Lønn utgjer 70% av kostnadane. Helsetenestetilbodet, kompetanse og infrastruktur vert for tungt for økonomien i helseføretaket.

Tiltaksområde er strukturelle tiltak, generelle innsparingar og nedjusteringar i tråd med dokumentert variasjon.

Konstituert klinikkjef for medisin og rehabilitering i HMR Jorunn Bøyum orienterte om rehabiliteringsprosjektet, leiar for DPS Sunnmøre i HMR Ståle Hoff orienterte om tilpassing av døgntilbodet innan psykisk helse og rus (KPHR-prosjektet), medan seksjonsleiar for Ambulant seksjon i Helse Møre og Romsdal HF Jo Volle fortalte om ambulant behandling.

Det kom ei rekkje innspel frå representantskapet til HMR, mellom anna at:

- ein må ta vare på kulturen på Mork.
- ein må ha pasienten i tankane.
- tillit er sentralt.
- ein må gje innhald til verdiane tryggleik, respekt og kvalitet – det er eit leiaransvar.
- kommunane må takast med i prosessane.
- tempoet i endringane må takast ned.
- helseføretaket kan ikkje berre overføre ansvar til kommunane, ein må tenkje over korleis ein driv ambulante tenester.
- arbeid med PCI-tilbod til Ålesund er etterlyst.
- ein må finne potensialet for samhandling mellom HMR og kommunane.

#### **Sak 6/2019: Orientering om Helseplattformen**

Ved innføringsleiar Helseplattformen Helse Møre og Romsdal HF Anne Lise Sagen Major og RAG Nordre Sunnmøre Therese Furseth Hoel

Helseplattformen er ei felles løysing med pasienten sin journal i sentrum.

Alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag har opsjonsavtale i samband med Helseplattformen. Helseplattformen AS vert etablert frå 1. mars 2019.

Det amerikanske selskapet Epic Systems Corporation er vald til leverandør av løysing for Helseplattformen. Ei god løysing føreset tett samarbeid mellom tenestene og prosjektet. Kommunar i Møre og Romsdal som tek ut opsjonen kan truleg ta Helseplattformen i bruk over sommaren 2022.

Styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad overrekte på møtet adm. dir. Stig Slørdahl i HMN ei fråsegn frå SR der ein mellom anna ber om at det i samband med etablering av Helseplattformen AS vert vurdert desentraliserte arbeidsplassar lokalisert i Ålesund.

Ålesund 15.02.2019

  
.....  
Dag Vaagen

  
.....  
Lena Landsverk Sande

  
.....  
Stein Aam